



Torkell Mauland (t.h) og Jesper Toreson Berge (1848 - 1876) gjekk saman på Holt seminarium. Biletet er truleg teke på den tida.

Foto i privat eige. Gjengitt frå Jan Alsvik: Gjesdal bygdebok, band 2, side 210.

EIT GRANSKARLIV

TORKELL MAULAND 1848 - 1923

MÅLFRID GRIMSTVEDT

Det er i år 150 år sidan timebuen Torkell Mauland vart fødd. Han var ein av dei tidlegaste folkeminnesamlarane i Rogaland og etterlet seg eit rikt materiale. Det manuskriptet som me trykker som eigen artikkel i årboka, er eit skulearbeid, skrivne då Mauland gjekk på Holt seminarium og var 19- 20 år. Kva bakgrunn hadde han for dette arbeidet og kva gjorde han av granskingsarbeid sidan?

Torkell vart fødd på Mauland i Time i 1848. Foreldra var Tønnes Torkellson Mauland og mora Berta Elisabet Sveinsdotter Holen. Torkell var eldste sonen på garden og skulle ha blitt bonde. Men "boki drog for sterkt: han gjekk skulevegen", skriv Arne Garborg. Å bli skulelærer var næraste vegen til bokleg lærdom for bondegutar i 1860-åra. Men det var langt mellom lærar-skulane. Torkel Mauland var heldig i så måte. Så snart han var konfirmert, fekk han høve til å gå på eit kurs for lærarlærlingar heime i Time. Her fekk dei undervisning i nye fag som morsmål, grammatikk, historie, geografi m.m. Skulen blei driven av klokkar Velle Velleesen. Han var ein meister i å undervisa og han kunne tala så dei blei sterkt gripne, skriv Ola Barkved i ein artikkel. Skulen var i drift frå 1861 til 1866. Torkell Mauland var blant dei 11 elevane som gjekk på skule frå 7. august 1862 til 22. juli 1863.

Etter dette var han 15 år gammal og blei tilsett som

omgangskulelærer i Mossige og Lende krinsar. Her var han m.a. lærar for Arne Garborg. Diktaren gav læraren sin følgjande attest: "Det var kje so mykje nytt han lærde meg. Men han fekk meg å sjå det gamle so det vart nytt. Og smått i senn tok eg til å skyna at eg levde i Noreg og ikkje i Gallilea."

Det eine skuleåret på Time var inga retteleg lærarutdanning. Så i 1867 reiste Torkell Mauland til Holt seminarium. Her vart han uteksaminert som beste elev i 1869. Det var på Holt han skreiv om husfliden på Jæren. Sjøl om han framleis var ung av år, hadde han sett meir enn heimegarden. I fire år hadde han reist med omgangskulen frå gard til gard. Han budde på gardane og fekk inntrykk og innsyn i det daglege arbeidet i husa. Skildringa hans ber preg av rimeleg godt oversyn, ikkje berre frå Time. Det ser me til dømes i omtalen av jær-buen sitt forhold til sjøen og fiske. Mauland skiller då ut nesbuane - folka i Sola og Randaberg - frå jærbu-

ane, fordi dei kunne driva fiske det meste av året. Han har også meiningar om dei som driv skjerpung etter edle metall - "naragtig Skjærpefeber" - er kommentaren hans her.

Han presiserer at opplysningane om husflid er frå Time, såsant han ikkje seier noko bestemt. Det er den kvinneleg husfliden han skildrar grundigast. For det er den som gjer mest av seg på Jæren. Torkell Mauland skildrar kvinnene med beundring og respekt. Dei har gjort eit godt inntrykk på han. Slik skildrar han opplæringa på garden:

Der sidder hun, Husmoderen selv ved sin Rok. Hendes Døtre eller Tjenestepiger sidde rundt om hende. Snart udøver hun en Informators Gjerning, idet hendes 6-7 aarsgamle Datter sidder ved den ene side af hende med et lille Strikketøi og skal lære at strikke, og ved den anden side hendes andre (9-10 aarsgamle) Datter ved sin Rok og skal lære Spindekunsten. Snart igjen udøver hun en Udskiftningsmands Forretning, idet hun for at vække Kappelyst hos Gjentungene samvittighedsfuldt uddeler en Tot Uld til hver af sine Døtre afpasset efter Hvers Alder og Færdighed etc.

Torkell Mauland var ikkje heime på Jæren i tida då han skreiv denne oppgåva. Men han var ikkje åleine jærbu på Holt. Ole Kartevold frå Time og Jesper Toreson Berge frå Gjesdal var blant medelevane hans. Dei leverte tilsvarande oppgåver, og har nok drøfta dette seg imellom. Men Arne Garborg, som også var elev på Holt frå 1867 har ikkje etterlete seg noka oppgåve. Kanhende var ikkje dette eit emne som fenga han.

Etter åra på Holt vart Mauland lærar i Høyland og Stavanger før han blei lærar og klokkar i Suldal. I 1875 blei det oppretta amtskule i Ryfylke, med Torkell

Mauland som styrar. Det var ein ambulerande skule. Første året var skulen på Finnøy. Her var han åleine lærar for 31 gutar frå 15 år til 31 år.

Mauland var ein aktiv politikar, venstremann, og målmann i desse åra. Men det er som folkeminnesamlar han blir hugsa. Professor Molkte Moe skreiv til Mauland i 1880. Han ville gje ut "En liden samling folketraditioner, oppteignede af skole- og seminarieelever - enten frivillig eller som besvarelse i norsk stil". Han ber Mauland om hjelp til innsamlinga. Elevane skulle skriva opp alt såleis som dei hadde høyrte det, "uden nogensomhelst udpynting, forandring eller tilsætning" og helst på dialekt. Det var truleg dette som påskynda innsamlingsarbeidet til Torkel Mauland, sjøl om det aldri vart noko av boka til Molkte Moe.

I dei neste åra var amtskulen i Sand, Skjold, Skåre, Avaldsnes, Rennesøy, Finnøy, Årdal, Hjelmeland, Forsand, Skudenes og Strand. Mauland kom saman med mykje bygdefolk, og han hadde ei sers evne til å få dei på gli, skriv Johan Veka. Elles gav han også elevane sine stiloppgåver der dei skulle skriva om folkeeventyr, segner eller folketrø i heimbygda. Mykje av dette er med i samlinga "Folkeminne frå Rogaland" som Norsk Folkeminnelag gav ut i tre band i 1926, 1931 og 1935.

Arne Garborg skriv følgjande om den folkediktinga Mauland samla:

Av dei eventyri han skreiv upp er det sùme som hev full gamalsvip: dei frå fjell- og øybygder; andre er meir og mindre nytidsmerkte: dei frå bygderne nærare byen. Sameleis med segnerne, som elles er mange fleire. Det er huldre- og risesegner av gammalt godt slag, um dei nok ofte hev ein nytidsmerkt slutt: helten er ein kraftkar som hev skræmt trollskapen so hardt, at "sidan hev

det aldri vore troll i det berget" eller "huldre i haugen". Men nærare byen hev vantrui fenge meir magt; det kann endå gå so vidt, at segni fortêl um "karar" som "heldt seg i skogen" og "livde av røving" og vart "kalla troll"; dermed var det i røyndi ute med eventyret.

Mauland slutta på amtskulen i Ryfylke i 1891. Etter dette var han nokre år i Trøndelag og Nordmøre. Men han ville helst driva granskingsarbeid på folkeminne. Derfor fekk han seg lærarpost i Oslo i 1897. Då låg tilhøva betre tilrette for å arbeida med arkivmateriale på

Litteratur:

Arne Garborg: *Eit granskarliv, Norsk Aarbok 1923, s.139-143.*

Ola Barkved: *Velle Vellesen og læringskulen i Time, Skolehistorisk årbok for Rogaland 1984, s.12 - 16, Stavanger 1985.*

Riksarkivet. I 1913 slutta han som lærar for å kunna konsentrera seg om granskingsarbeidet. Dei neste åra brukte han m.a. til å bearbeida det innsamla materialet. Han publiserte arbeida sine som artiklar i Stavanger Aftenblad eller som småskrift. Den store samlinga folkeminne kom ikkje ut før etter hans tid, det same gjeld arbeidet om lensmenn i Rogaland (publisert 1924-26).

I ettertid har han også fått sin heider på Jæren. 100 års jubileet for Mauland vart høgtida i 1948 og Time kommune fekk då eit minnesmerke - ei byste laga av Erik Haugland som står på Bryne.

Minnesmerket over Torkell Mauland ... mj (Magnus Jonsbråten) i Jærbladet 21.8.1970

Johan Veka Torkell Mauland - læraren, folkeminnesamlaren, målgranskaren, Haugesund Dagblad, 20.8.1970.